



Hordaland Venstre

Årsmelding 2013

Venstre si fylkestingsgruppe i Hordaland

1. Oppsummering frå gruppeleiaren

Overskrifta for mykje av det politiske arbeidet i Hordaland i 2013 har vore «Planar for framtida i Hordaland». Vi har vedtatt, eller er godt i gang med ei rekke plandokument som vil vere styrande og sette sitt preg på utviklinga i regionen i fleire tiår framover. «Regional plan for attraktive senter i Hordaland – senterstruktur, tenester og handel», «Regional areal- og transportplan for Bergensområdet», Regional næringsplan, Regional klima- og energiplan, Regional plan for folkehelse, Regional kulturplan, og Skulebruksplan er nokre.

Samarbeidet vi har med Høgre og Frp fungerer godt, og gjennom dette blir våre løysingar ein del av framtida for fylket. Eg tør hevde at den utviklinga og det fokuset fylkeskommunen har på kollektivsatsing og miljøvennelege løysingar ikkje hadde vore like sterkt utan Venstre i styringa. Det same kan seiast om klimaarbeidet og det auka fokuset ein har fått på mål og resultat innanfor klima- og miljøtiltak.

I budsjetthandsaminga på slutten av året har vi fått inn tiltak i 2014 på område som er særskild viktige for Venstre. Eg vil her nemne nokre:

- Auke i dei samla rammene for skulesektoren med 21 mill
- Auke i ruteproduksjon på kollektiv med 40 mill
- Innfartsparkering, ekstraløyving på 10 mill
- Ladepunkt for el-bilar 5 mill
- Støtte til kommunale kulturminneplanar, 1 mill pr år i tre år
- Auke i støtta til friluftsføremål, 1,3 mill

Skulebruksplanen vart vedtatt i mars, etter ein lang og krevjande prosess. Venstre bidrog til å sikre betre bredde i tilbodet og noko meir geografisk spreiding. Vi er og nøgd med at to viktige tiltak mot fråfall er på plass. Frå hausten 2013 var det mogleg å søke direkte på eit fleksibelt fagopplæringsløp der ein i alle fire åra vekslar mellom opplæring i bedrift og på skule (vekslingsmodellen). Dette tilbodet blir utvida frå hausten 2014. Då vil og tilbodet om produksjonsskule vere på plass, etter førearbeid og tydeleg politisk prioritering i 2013.

Vi gikk til val på eit godt utbygd kollektivsystem og ein føremålstenleg infrastruktur. Både i budsjettvedtak og i enkeltsaker er Venstre ein pådrivar. Auka ruteproduksjon på kollektiv, og utbygginga av infrastruktur for el-bilar i heile fylket er mellom dei prioriterte tiltaka.

Kulturplan for Hordaland er ein av dei planene som er sett i gang, og som det har vore arbeid mykje med i 2013, i godt samarbeid med kommunar, institusjonar og interessegrupper. Denne skal endeleg vedtakast i 2014, og vil vere førande for kulturpolitikken dei neste åra. Det har og vore viktig for Venstre å få på plass ei støtteordning for kommunale kulturminneplanar, og fikk det inn i budsjettet for 2014. Slike kommunale planer vil sikre lokale kulturminne samtidig som tal konflikter vil bli redusert.

Så er det nokre saker som er ekstra krevjande og som er delte syn på, både i gruppa, i fylkeslag og lokallag. Val av trase på E39 Hordfast og val av trase på bybanen til Åsane er eksempel på saker

der gruppeleiar er glad og takksam for at gruppa tar dei gode diskusjonane internt, og handterer ulike syn på ein god måte.

Det har i ei rekke einskildsaker vore godt kontakt med lokale folkevalde, noko vi ønskjer i endå større grad framover.

2. Samansetning og representasjon

I 2013 har følgjande representert Venstre i Hordaland fylkesting:

Fylkestingsrepresentantar

Mona Haugland Hellesnes
Alf Helge Greaker
Anne-Beth Njærheim
Bjørnar Hamre

Gruppeleiar
Gruppenestleiar

Fylkesvaraordfører
Nestleiar, samferdselsutvalet
Leiar, kultur- og ressursutvalet
Medlem, opplærings- og helseutvalet

Vararepresentantar

Rolf Nesheim
Grete Line Simonsen
Tore Magne Turøy
Bjørn Magne Hufthammer
Synnøve Kvamme

Vara til kultur- og ressursutvalet
Vara til opplærings- og helseutvalet
Vara til samferdselsutvalet
Vara til kultur- og ressursutvalet
Vara til samferdselsutvalet

Bjørnar Hamre har hatt permisjon frå oktober 2012 - november 2013. I denne tida har Rolf Nesheim møtt i fylkestinget, medan Grete Line Simonsen har møtt i opplærings- og helseutvalet.

3. Organisering og arbeid

Gjennom året har fylkestingsgruppa hatt opne gruppemøte ein gong i månaden. Her har aktuelle saker blir drøfta, og ein har samla seg om korleis representantane og gruppa skal handsama saker i dei respektive utvala og i fylkestinget. Alle fylkestingsrepresentantar, dei to øvste vararepresentantane, Hordaland Unge Venstre og Hordaland Venstre vert invitert og deltek på møta. Fylkestingsgruppa er glad for at leiaren i HUV har vore til stades på neste alle gruppemøta, og set stor pris på samarbeidet med ungdomspartiet.

Gjennom året har samarbeidet med fylkestyret i Hordaland Venstre fungert godt. Fylkesleiar Rolf Nesheim, som og er 1. vara til fylkestinget, har representert fylkeslaget på gruppemøta. Gruppeleiar eller ein anna representant for gruppa har møtt på dei fleste styremøter i fylkeslaget.

Eit godt samarbeid med lokallag og lokale folkevalde er viktig. Gruppeleiar i fylkestinget og gruppeleiar for bystyregruppa i Bergen har møttes jamleg for å drøfte, koordinere og avklare saker som skal handsamast både i fylket og i Bergen kommune.

Mathias Fischer var tilsett som sekretær for fylkestingsgruppa frå januar til september, i 35% stilling. Frå september 2012 – september 2013 var han og tilsett som organisasjonssekretær i ein 25 % stilling som var delt mellom fylkestingsgruppa og bystyregruppa til Bergen Venstre. I oktober vart Elizabeth Toft Erichsen tilsett som sekretær for fylkestingsgruppa i 40% stilling.

3.1 Samferdsel

Venstre har vært representert i Samferdselsutvalet av Alf-Helge Greaker, som er nestleiar i utvalet. Og i 2013 har det å sikre at miljø vert teken omsyn til i viktige vedtak vore det prioriterte temaet. Traseval for ny E39, bybanen, drosjar og ny båtrute til Nordhordland er mellom dei sakene som har vore mykje diskutert i utvalet.

I sak om traseval for E39, følgde fylkestingsgruppa opp årsmøtefråsegna frå fylkesårsmøtet på same tema. Venstre fekk og inn fleire viktige tilleggspunkt om miljø og klimaomsyn.

Snøggbåten frå Nordhordland er eit viktig tilskot til kollektivsatsinga i regionen, som med korresponderande bussar forhåpentlegvis vil ta av litt biltrafikk. Det har vore mykje medieomtale av takstane, men Venstre står inne for dei takstane som er vedtekne og som er i tråd med gjeldande regulativ for hurtigbåtar.

Gjennomslag for Venstre:

- skjerma kollektivsektoren for kutt
- flybuss både frå Loddefjord og Åsane
- fleire bussavgangar i Bergensregionen
- stilt strengare miljøkrav til kommersielle aktørar som søker konsesjonar
- Fleire båtsamband har fått nye anbudskontraktar med fylket og då nytt båtmateriell
- Tatt opp og følgjer opp tiltak mot pirat drosjeverksemd
- Offisiell utredning om trolleybussen for framtida

3.2 Opplæring og helse

Venstre har vært representert i opplæringsutvalet av Grete Line Simonsen fram til november, og ut året av Bjørnar Hamre. I 2013 har skulebruksplanen vore den store saka. Venstre brukte mykje tid og krefter på nettopp denne planen og har prøvd å lytte til både næringsliv og lokale Venstrelag.

Venstre har og jobba med å få sett iverk tiltak for å hindre fråfall i vidaregåande opplæring. I 2013 starta tilbodet om alternative løp som førar fram til fagbrev (vekslingsmodellen) opp, og det vart gjort vedtak om oppretting av produksjonsskule.

Skulehelsetenesta har og vore eit område som har vore nøye følgt med på i løpet av året. Her har dekningsgrad og status vore viktig, og Venstre har mellom anna stilt spørsmål om det er signifikant samheng mellom fråfall i den vidaregåande og dekningsgrad for skulehelsetenesta.

Gjennomslag for Venstre:

- Breidde og geografisk spreing i skulestrukturen
- Starta opp tilbod om alternative løp for fagutdanning
- Gjort vedtak om oppretting av produksjonsskule
- stilt spørsmål om rutinar for elev- og studentbevis i kollektivtrafikken
- Støtta fortsatt forsøk med anonyme siste heildagsprøve/prøve i fag som har sentralgitt eller lokalgitt skriftleg eksamen.

3.3 Kultur og ressurs

Anne-Beth Njørheim har representert Venstre i Kultur- og ressursutvalet. Ho har og vore leiar av utvalet.

Utvalet arbeidar mellom anna med reguleringsplaner og tilskot til organisasjonar. Venstre har prioritert saker for eit miljøvenleg og konkurransedyktig næringsliv i Hordaland, og har fått gjennomslag i mange viktige saker for lag, organisasjonar og næringsliv i fylket.

Folkehelsefokus og – perspektiv har og vore viktig, og har resultert i auka støtte til tiltak i organisasjonar, kommunar og andre verksemder som arbeidar med folkehelsetiltak.

Gjennomslag for Venstre:

- Økonomisk og fagleg støtte til utarbeiding av kulturminneplaner i kommunane. Dette vil spare tid og lette planarbeidet, i tillegg til ein vesentleg nedgang i tal motsegner.
- Auka bevilling til arbeidet med museumsplanen
- Satsing på friluftsliv gjennom auke til friluftsråda i Hordaland
- Ein styrking av miljøprogrammet gjennom t.d. stor satsing på ladestasjonar for elbilar.
- Støtte til forprosjekt og vidare arbeid med lokalisering av Hordaland Teater i Bergen sentrum
- Auka fokus på folkehelseperspektivet i det politisk arbeidet.



Gruppemøte på fylkestinget i juni, Lofthus i Hardanger

Bergen 5. februar 2014,

Mona Haugland Hellesnes
Gruppeleiar

Elizabeth Toft Erichsen
Gruppesekretær